



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Sævareid Fiskeanlegg AS
5645 Sævareid

Vår dato: 25 NOV 2010
Vår ref.: NVE 200708140-8 rv/ias
Arkiv: 313 /053
Dykkar dato: 04.07.2009
Dykkar ref.: Gustav Folkestad

Sakshandsamar:
Ivar Sægrov
57 83 36 72

Sævareid Fiskeanlegg – Løyve til regulering og etablering av nytt anlegg for vassuttak frå Henangervatn i Fusa kommune

Vi viser til søknaden Dykkar datert 04.07.2009 om regulering og legging av turvande vassleidning for uttak av vatn frå Henangervatnet.

NVE gjev Sævareid Fiskeanlegg AS løyve etter vassressurslova § 8, til å regulere Henangervatnet med inntil 1,5 m mellom LRV på kote 10,87 og HRV på kote 12,37. Maksimalt vassuttak er 300 m³/min. Det tekniske anlegget for vassuttak skal etablerast etter planlagt alternativ 2 i søknaden. Reguleringa og vassuttaket skal sikre grunnlaget for utviding og vidare drift av settefiskanlegget på lokalitet H-FS-15 og H-FS-18, Sævareid Fiskeanlegg AS i Fusa kommune. Løyvet blir gjeve på dei vilkåra som er lagt ved.

Omtale av tiltaket

Tiltaket går i hovudsak ut på å etablere eit nytt vassinntak for settefiskanlegget i Henangervatnet. I direkte tilknytning til settefiskanlegget og med felles vassinntak frå Henangervatnet, eig og driftar søkjar eit mikrokraftverk som NVE tidlegare har vurdert som ikkje konsesjonspliktig. I søknaden er nytt vassinntak omtalt slik:

"AS Sævareid Fiskeanlegg planlegger effektivisering og optimalisering av produksjonen ved eksisterende anlegg. Dette innebærer at anlegget ønsker å legge nytt dypvannsinntak for tapping av vann fra Henangervatnet. NVE har besluttet at dette tiltaket må konsesjonsbehandles, jfr. Brev datert 5. desember 2008. I dag leder fiskeanlegget vann fra elven inn i et kanal- og rørsystem og fram til fiskekarene. Fiskeanlegget har et vannforbruk som varierer fra 50 m³/min til 300 m³/min.

AS Sævareid Fiskeanlegg ønsker videre å legge til rette for en senere utvidelse av produksjonskapasiteten.

E-post: nve@nve.no, Internett: www.nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Telefaks: 22 95 90 00

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Drammensveien 211
0212 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER
Telefon: 72 89 65 50

Region Nord
Kongens gate 14-18
Postboks 394
8505 NARVIK
Telefon: 76 92 33 50

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG
Telefon: 33 37 23 00

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE
Telefon: 57 83 36 50

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR
Telefon: 62 53 63 50

Denne søknaden omhandler tillatelse til å legge ny inntaksledning inn i Henangervatnet samt å kunne ta ut inn til 300 m³ vann pr minutt.

Vassdraget

Sævareidvassdraget ligger i hovedsak i Fusa kommune, mellom Hardangerfjorden og Sævareidfjorden, nord for Bjørnafjorden. Noe av nedslagsfeltet ligger i Kvam og Samnanger kommuner.

Nedslagsfeltet er avgrenset av Heihillerhornet og Kjerringafjell mot vest, Tveitakvittingen mot nord, Daurmålseggi mot aust og Lukeffjell mot sør. Sævareidelva munner ut i Sævareidfjorden ved Sævareid.

Nedbørsfeltet til vassdraget er 117 km² og det største i Fusa kommune. Øverste delen av feltet går opp til over 1200 moh.

Vassdraget har 3 store lavtliggende innsjøer:

	moh	Areal overflate (ha)
Gjønavatn	41	278
Skogseidvatnet	13	513
Henangervatnet	12	258

I tillegg er det flere mindre fjellvann opp til ca 900 moh.

Beskrivelse av tiltaket

Fiskeanlegget forsynes i dag fra et overflateinntak. Dette inntaket består av en kanal som ligger på sørsiden av utløpet, se vedlagte bilde.

Vannet passerer en rist før det ledes inn i en tunnel/støpt kanal og føres ned til fiskeanlegget.

Det er flere problemer knyttet til et overflateinntak. For det første vil temperaturen om vinteren være for lav for en optimal produksjon. Om sommeren vil temperaturen være for høy. I perioder kan temperaturen være så høy at foringen må stoppes. Laveste temperatur kan være ca 0 °C, mens høyeste temperatur om sommeren/tidlig høst kan være over 20 °C. Optimale temperaturer vil være i området 12 - 14 °C.

Vanninntak i overflaten vil også medføre at det føres mye flytende partikler som løv, greiner, kvister, etc. inn i inntaket. Noe av dette fanges opp i rist, mens noe føres videre til fiskekarene. Dette skaper uheldig situasjoner, både på teknisk utstyr som varmepumper, oksygeneringsutstyr, siler, etc. samt i fiskekarene. For å optimalisere driften ved antegget, er det derfor viktig at det gis tillatelse til å bygge en inntakstedning inn i vannet som sikrer jevner temperaturer over året.

Vannbehov

For å klarlegge framtidig vannbehov, har vi laget en produksjonsplan basert på en årlig produksjon på 10 mill. smolt. Produksjonsplanen er basert på egne erfaringstall, samt opplysninger fra anlegget.

I eget vedlegg er det vist diagrammer fra produksjonsplanen hvor blant annet vekstforutsetninger, fordeling av høstfisk og vårfisk, etc. framgår. Det er forutsett 4 innlegg pr år - høstfisk 1 og 2 samt vårfisk 1 og 2.

Diagrammet for vannforbruk viser at de gjennomsnittlige månedlige verdiene varierer mellom 50 m³/min til 300 m³/min. Høyest er vannforbruket i mars og september - like før levering av fisk. Lavest vannforbruk er i juni.

Med synkende vanntemperatur øker vannets evne til å ta opp oksygen. Dette medfører at en kan økonomisere vannforbruket og at en har noe bedre tid for å oppheve eventuell driftsstans ved oksygeneringsanlegget uten at dette medfører fiskedød."

Inntaksleidning

Det er i søknaden skissert 4 alternative løysingar for inntaksleidningen. Eitt alternativ vil innbære at leidningen blir ført i land ved kai ved utløpet frå Henangervatnet. Leidningen blir lagt vidare gjennom skogen mot forsamlingshuset "Breidablikk", ned kløfta og over elva mot settefiskanlegget. Spennet over elva er ca 25 m og det må byggjast bru eller bærekonstruksjon for vassleidningen som er planlagt med ein diameter på 1,6 m. Vidare er det i søknaden med eit alternativ (alt. 2) der ny inntaksleidning blir lagt inn i vatnet gjennom eksisterande inntakskanal. Det er også med alternativ med tunnel/borehol.

Ut frå ei teknisk/økonomisk vurdering, prioriterar søkjar at alternativ 2 blir lagt til grunn for framtidig vassuttak fra Henangervatnet.

Informasjon om Henangervatnet som reguleringsmagasin

Magasinvolym (mill m ³)	3,5	
Normalvasstand (moh)	10,86	
Lågaste og høgaste vasstand (LRV og HRV)	10,87	12,37
Kommentar: Magasinet vart etablert i 1937.		

Meir frå søknaden

"Verknader av utbygginga – Hydrologi

I vurderingane som følgjer er det teke omsyn til følgjande:

Det er foreslått å ikkje sleppa vatn forbi inntaket for å oppretthalda ei minstevassføring. Fossen har vore regulert i over 120 år utan forbitapping av vatn.

Maksimal slukeevne i kraftverket er oppgjeve til 8,4 m³/s og minste slukeevne er antatt 1,68 m³/s. Oppdrettsanlegget vil nytta 24 % og kraftverket 33 % av tilsiget i elva. 43 % vil gå som overløp over dammen. Det betyr at i Sævareid-elva ved utløpet i fjorden vil det vera att ca 43 % av opphavleg totalt tilsig trass i uttak til fiske- og kraftproduksjon. Frå inntaket oppstrøms Sævareidfossen og ned til utløpet i fjorden vert vassføringa såleis monaleg redusert i høve til naturtilstanden. Denne strekninga har vore regulert i samband med industri- og kraftføremål sidan siste halvdel av 1800-talet. Avløpet frå kraftverket og oppdrettsanlegget går ut i Sævareidfjorden like nedstrøms anlegget.

Alminneleg lågvassføring ved inntaket i Henangervatnet er utrekna til 696 l/s. Denne er utrekna ved skalering av data frå VM Røykenes. 5-persentilen for perioden 1.mai - 30.september er utrekna til 881 l/s og 5-persentilen for 1.oktober - 30.april er utrekna til 876 l/s.

Hydrologi

<i>Tilgjengelig vannmengde</i>	<i>391,9 mill.m³</i>	<i>100 %</i>
<i>Beregnet vanntap fordi vannføringen er større enn maks slukeevne + forbruk til fiskeoppdrett (% av middelvannføring)</i>	<i>164,5 mill.m³</i>	<i>42 %</i>
<i>Beregnet vannuttak til fiskeoppdrett (% av middelvannføring)</i>	<i>95,5 mill.m³</i>	<i>24,4 %</i>
<i>Nyttbar vannmengde til kraftproduksjon</i>	<i>130 mill.m³</i>	<i>33.2 %</i>

Høyring og handsaming lokalt

Søknaden har vore kunngjort etter retningslinene og har lege ute til offentlig innsyn i Fusa kommune.

NVE har mottatt følgjande fråsegner til søknaden:

1. Fusa kommune i brev av 13.01.2010
2. Hålandsdal Grunneigarlag i brev til Fusa kommune datert 01.12.2009
3. Fylkesmannen i Hordaland i brev datert 07.04.2010

Fusa kommune i brev av 13.01.2010:

"Vedtak (005/10):

Fusa kommune meiner nytt vassuttak frå Henangervatnet bør føregå etter alternativ 2, som vil gjera minst terrenginngrep. Nytt vassuttak må ikkje medføre endringar i naturleg vannstandsforhold i Henangervatnet. Det må også vera framtidige mogelegheiter for justering av vannstand i Henangervatnet ved større flaumar og stor snøsmelting og at dette kan skje i samråd med Hålandsdalen Grunneigarlag/ grunneigarar rundt vatnet."

Fylkesmannen i Hordaland viste i e-post datert 10. mars 2010 til følgjande uttale gitt i brev til NVE den 13.11.2008:

"Uttale til - Søknad - Fusa - Sævareid Fiskeanlegg AS - Planar for ny Inntaksleidning

Syner til melding om planar for ny inntaksleidning til Sævareid Fiskeanlegg AS i Fusa, oversendt frå NVE 30.10.08. Fylkesmannen er i denne oversendinga bedt om å gi uttale i forhold til om tiltaket medfører skade eller ulempe for ålmenta i eit slikt omfang at det er naudsynt med løyve etter vassresurslova § 8 (konsesjonspliktige tiltak). Den nye inntaksleidningen inneber auka kapasitet for uttak av vatn, sjølv om tiltakshavar hevdar at vassforbruket ikkje skal aukast. Erfaring frå liknande saker er ofte at det er vanskeleg å kontrollere det faktiske uttaket av vatn når leidningen har større kapasitet enn kva det er gjeve løyve til. Dersom vassuttaket aukar og vassføringa over fossen vert redusert vil dette redusere mogelegheitene til sportsfiske. Det er lite eller ingen gyting av fisk i frå utlaupet av Henangervatnet, så inntaket vil truleg ikkje få negative følgjer for naturlege fiskebestandar. Den nye inntaksleidningen er planlagt å krysse elva nedanfor fossen, og dette vil endre landskapet i dette området vesentleg. Området nedanfor fossen er i dag mykje brukt til sportsfiske, og er verdifullt for rekreasjon. Alternative løysingar for rørtrase burde vore utreda, særskilt i dette

området. Fylkesmannen meiner at dei landskapsmessige inngrepa, muligheita for større vassuttak og eventuelle konflikhtar med andre interesser i området, bør synleggjerast nærare gjennom ei konsesjonshandsaming. Det bør òg leggjast vekt på å utrede alternative trasear som gir et mindre synlig inngrep i landskapet rundt fossen”.

Hålandsdal Grunneigarlag i brev til Fusa kommune datert 01.12.2009

”AD: SØKNAD FRÅ SÆVAREID FISKEANLEGG OM NY VANNLEDNIEGEN

Me har forståelse for at Sævareid fiskeanlegg ynskjer å ta kjøligare vatn frå Henangervatnet. I den anledning er det situasjonen rundt maksimum og minimum vannstand i Henangervatnet som berører medlemmene i grunneigarlaget. Grunneigarlaget vil ikkje motsetja seg at det vert gitt løyve til ny vannledning, men me vil gjerne påpeika ei uheldig fylgje som kan oppstå. Me vonar at våre tankar og synspunkt kan bidra til at alle partar får ei akseptabel framtid.

Maksimal vannstand:

Maksimumsvannføring frå Henangervatnet er av BKK Produksjon oppgitt til å vera om lag 160 m³/s. Under brua er det anslagsvis 80 m² og det vil sei at vannmassane flyt nedover med omlag 2 m/s. Røyrret som det vert søkt om skal føra 300 m³/min = 5 m³/s. Dette røyrret er oppgjeve til å ha innvendig diameter på 1,6 meter som tilsvarar eit areal på 2 m². Det gjev ein vannhastighet på 2,5 m/s. Desse vannhastighetene er så like at eit slikt røyr vil ikkje ha verknad på maksimums høgda til Henangervatnet sjølv om det ligg under brua i eksisterande areal, då under forutsetning av at det får renna nærmast fritt i røyrret ved flom.

Minimums vannstand:

Den føreslegne løysinga (Alt 2) inneber at det vert mogeleg å tappa Henangervatnet ned langt lågare enn før. Sjølv om slik nedtapping ikkje er planlagt er det lett å tenkje seg at det kjem til å skje om det vert uventa lange tørkeperiodar. Været er som kjent i endring. I ein slik situasjon er det vanskeleg å tenkje seg at tapping skulle stogga med fiskedød til følgje. Sterk nedtapping vil negativt berøre grunneigarane i vassdraget og i særleg grad ved Henangervatnet. Hålandsdal Grunneigarlag tilrår og ber om at ein slik hendelse vert tenkt gjennom og presentert for laget og medlemene. Eit tiltak kan vera å betra styringa av valsen som styrer vannmassane til elva slik at det vatnet som er tilgjengeleg vert nytta best muleg. Eit anna kan til dømes vera at vannstand skal registrerast kontenuerlig og at ein derved byggjer seg kunnskap om kor ein best kan bruka vatnet utan følgeskader. Ein bør også ha klare varslingsrutinar og tankar om eventuell skadeerstatning. Slike forhold er det lettare å få semje om før ein situasjon oppstår enn i ettertid. Ved god og omforeint informasjon vert det og lettare å godta dei forhold om kan koma til å intrefa.”

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader

Om søkjar

AS Sævareid Fiskeanlegg ble etablert 04.11.1978 og registrert som aksjeselskap 04.06.1989. Selskapet har per dags dato (tidspunkt for søknaden) konsesjon for å produsere 5 mill sjødyktig settefisk årleg på anlegget i Sævareid. Hordaland fylkeskommune har imidlertid gjort vedtak den 25.03.2010 der det må er sagt fylgjande: *"Lokalitet 10141 Sævareid er godkjent for løyva H-FS-15 og H-FS-18 og ei maksimal produksjonsgrense på 10 000 000 stk setjefisk."*

Søknaden

Sævareid Fiskeanlegg (Lokalitet 10141 Sævareid H-FS-15 og H-FS-18) ligg ned mot sjøen ved utløpet av Henangervatnet i Sævareidvassdraget. Anlegget som i dag har eit etablert vassinntak i overflata i Henangervatnet, planlegg utviding av produksjonen. Produksjonsplanen som er utarbeidd og skissert i søknaden, er basert på ein årleg produksjon på 10 mill. smolt. Det er knytt fleire problem til overflateinntak med kaldt vatn om vinteren (ned mot 0 °C) og høy temperatur om sommeren (over 20 °C). I arbeidet med å optimalisere drifta ved anlegget er det planlagt å etablere eit nytt vassinntak slik at det kan hentast vatn frå ned mot 15 m djup i Henangervatnet. Optimal temperatur for settefiskproduksjon ligger frå 12-14 °C. Eit dykka inntak vil og hindre at flytande gjenstander kommer inn i inntaket.

Det er i søknaden skissert 4 alternative løysingar for trasé/lokalisering av ny inntaksleidningen. Søkjar prioriterar alternativ 2 der ny inntaksleidning blir lagt inn i vatnet gjennom ombygging og tilpassing av eksisterande inntakskanal.

Vassuttak og hydrologiske tilhøve

Vassforbruket i anlegget vil variere mellom 50 m³/min og 300 m³/min. Det eksisterande settefiskanlegget har i dag eit tilsvarende maksimalt vassuttak. Vassforbruket vil bli høgast i mars og september - like før levering av fisk. Lågast vil vassuttaket til settefiskproduksjonen være i juni månad. Planlagt vassuttak til settefiskanlegget vil utgjere ca. 24 % av midlare tilsig gjennom året.

Alminneleg lågvassføring ved inntaket i Henangervatnet er utrekna til 696 l/s. 5-persentilen for perioden 1. mai - 30. september er utrekna til 881 l/s og 5-persentilen for 1. oktober - 30. april er utrekna til 876 l/s. Midlare tilsig gjennom året er 12,4 m³/s (12 400 l/s).

Dei hydrologiske tilhøva er godt dokumentert i søknaden både for det som gjeld samla tilsig til ulike tider av året, minimumsverdiar og vassføring sett i relasjon til planlagt vassuttak. Det blir i søknaden presisert at det blir søkt om eit vassuttak som er på samme nivå som Sævareid Fiskeanlegg har nytta gjennom mange år. Det er vidare presisert at legging av ny inntaksleidning ikke vil endre vasstandstilhøva i forhold til dagens situasjon og såleis ikkje medføre andre verknader på omkringliggjande areal enn det som er situasjonen i dag.

Det er føretsett ei regulering av Henangervatnet på 1,5 m. Høgste regulerte vasstand er kt. 12,37 og lågaste regulerte vasstand er kt. 10,87. Det er opplyst at dette er samsvar med dei reguleringsgrensene som vart tilkjent Sævareid Karton- og Papfabrikk AS i ei domsavseiing i 1937 (Midhordland Herredsrett, sak 62/1937).

Fram til no har det vore slik at fiskeanlegget har kunne åpne "Valsen" som er ei hydraulisk damluke i dammen ved utløpet av Hengervatnet ved store stigningar i vasstanden i vatnet. Dette har blitt gjort i full

forståing med og etter ønske fra dei som har eigedomar rundt vatnet. Det er i søknaden skissert at denne praksisen er det ønskeleg å føre vidare.

Andre forhold

Søklar driftar også eit etablert konsesjonsfritt mikrokraftverk som har vassuttak kopla saman med inntaket til settefiskanlegget. Kraftverket har eit maksimalt vassuttak på 8,4 m³/s og vil kunne nytte ei samla vassmengd gjennom året på 33 % av tilsiget i elva. I søknaden er det vist til at Sævareid Fiskeanlegg fullt ut styrer kraftproduksjonen og at dette inneber at kraftstasjonen kan stoppast dersom tilsiget i vassdraget er mindre eller lik vassforbruket på fiskeanlegget. Bruk av vatn til fiskeproduksjon vil såleis ha første prioritet.

Hordaland fylkeskommune har i sitt vedtak om løyve til å utvide produksjonen til 10 mill settefisk i året vist til at AS Sævareid Fiskeanlegg, i søknaden om at den planlagde utvidinga, ikkje ville medføre auke i maksimalt uttak av vatn frå Henangervatnet og at NVE i tidlegare vedtak har gjeve løyve til maksimal uttak på 300 000 m³/min. Fylkeskommunen si oppfatning må her byggje på ei mistyding. Det som er fakta er at NVE tidlegare har vurdert vassuttaket til ein produksjon på opp til 5 mill settefisk som ikkje konsesjonspliktig etter vassressurslova. Maksimalt vassuttak var også då oppgitt til 300 m³/min. (ikkje 300 000 m³/min.) For planlagt opplegg for nytt vassuttak til utvida produksjon, slik som no omsøkt, konkluderte NVE med konsesjonsplikt etter vassressurslova, jf. brev av 05.12.2008.

Verknader som tiltaket vil medføre

Fordelar

- Etablering av den nye inntaksleidningen vil isolert sett ikkje framstå som eit nytt anlegg, men meir som ei oppgradering av eksisterande anlegg. Den vesentlege endringa blir at inntaksleidningen blir ført innover i Henangervatnet og at det i noko grad blir ombygging av eksisterande anlegg.
- Planlagt ombygging av vassinntaket vil sikre ein stor auke i produksjonen av settefisk i anlegget og gje grunnlag for drift av eit tidsmessig anlegg med ein kapasitet som få andre tilsvarande anlegg i Norge.

Ulemper

- Det er ikkje planlagt auka maksimalt vassuttak frå vassdraget. Drifta av anlegget saman med vassuttak til drift av konsesjonæren sitt mikrokraftverk, vil likevel kunne medføre noko hyppigare variasjonar i vasstanden i Henangervatnet og redusert overløp til Sævareidfossen. I praksis vil dette bety ei noko sterkare utnytting av vassressursen som vil vere tilgjengeleg.
- Anleggsarbeidet vil bli omfattande ved utløpet av Henangervatnet, men dette vil bli av mellombels karakter.

NVE si vurdering

NVE vurderer det slik at reguleringa av Henangervatnet, som vart etablert for meir enn 100 år sidan, i det vesentlege blir nytta slik at det ikkje i vesentleg grad oppstår konflikt med aktuelle interesseområde. Slik reguleringa har blitt gjennomført, fyrst til industrielle føremål og i dei seinare åra til vassforsyning til settefiskanlegg og eit nyare mikrokraftverk, er den etablerte situasjonen oversiktleg og akseptabel.

Magasinet er basert på oppdemming i høve til naturleg vasstand. Det har ikkje vore vilkår eller krav om minstevassføring til fallstrekkja nedanfor som i det vesentlege er Sævareidfossen som endar i sjøen.

NVE legg vekt på at settefiskanlegget gjennom året vil nytte ein relativt liten del av vassføringa. Med dykka inntak vil settefiskanlegget ha mulighet til å redusere vassforbruket i periodar med varmt overflatevatn. Slike periodar oppstår ofte i andre halvdel av sommersesongen då biomassen i anlegget er stor og anlegget har behov for ei betydeleg vassmengde. Med eit inntak som kan regulerast vil selskapet få ein mykje betre kontroll på produksjonen av smolt i anlegget. NVE er positive til at selskapet nå set i verk tiltak som gjev mulegheit til å nytte vatnet på ein vesentleg betre måte samanlikna med å ta inn overflatevatn med store variasjonar i vassstemperatur gjennom året. Økt vassforbruk kan medføre noko lavere vasstand i lengre periode. NVE legg vekt på at forbruket ikkje vert vesentlig endra samanlikna med dagens vassuttak.

Maksimalt vil vassuttaket kunne komme opp i ca 24 % av midlare vassføring gjennom året. Planlagt vassforbruk, slik det er skissert i søknaden, vil likevel kunne bli størst i periodar av året då tilrenninga til vassdraget oftast går ned mot lågvassføring. Magasinet i Henangervatnet vil såleis vere viktig for å sikre vatn til anlegget i periodar med lite tilsig og spesielt i tørre år.

Det vil være svært viktig at det blir lagt eit hushalds-/driftsbudsjett for vassressursen. NVE legg vekt på at konsesjonæren skal ha ansvar for at vassressursen til ei kvar tid blir disponert slik at settefiskanlegget blir sikra vatn innafor ramma av vilkåra som blir sett i ein ev. konsesjon. Uttak av vatn til det konsesjonsfrie mikrokraftverket er sekundært etter at vatn til settefiskanlegget er sikra. Eit slikt driftsopplegg vil medføre krav til ei detaljert styring av vassuttaket der det blir teke høgde for at det skal vere nok vatn også i tørre år.

Det er i søknaden ikkje med forslag om minstevassføring til Sævareidfossen. Eit slikt opplegg vil i praksis bety framhald av eksisterande reguleringsregime for Henangervatnet som har medført lengre periodar utan overløp på "Valsen". Det blir frå Fylkesmannen konkludert med at manglande minstevassføring ikkje har nokon verknad på bestandane av villfisk. Fylkesmannen har likevel peika på at det for utøving av fiske i sjøen, nedafor fossen, kunne vere ynskjeleg med ei viss minstevassføring. NVE oppfattar det slik at det nemnde fisket i sjøen i vesentleg grad gjeld fiske etter rømt oppdrettsfisk og vurderar det slik at dette ikkje er eit område som skal tilleggast avgjerande vekt i høve til om det skal setjast vilkår om minstevassføring. Det er vidare NVE si vurdering at vassressursen i lengre periodar vil vere slik at det blir overlaup på "Valsen" også i situasjonar med maksimalt vassuttak både til settefiskanlegget og mikrokraftverket.

Det er i søknaden og i høyringsfråsegner vist til at bruk av "Valsen" som tappeluke ved flaumar i vassdraget er viktig for å unngå uønska høg vasstand i Henangervatnet. NVE vurderar det slik at reglement for bruk av tappeluka må gjevast ei detaljert utforming der ansvaret for kontroll og oppfølging er fastlagt. Eit slikt reglement må leggast fram for NVE ved godkjenning av detaljplanar for anlegget og vil inngå som del av vassdragsanlegget som blir omfatta av internkontrollforskriften.

Forholdet til naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova er gjort gjeldande frå 1. juli 2009. Lova fastsett forvaltningsmål for artar, naturtypar og økosystem, og lovfestar ei rekkje miljørettslege prinsipp, mellom anna "føre-var" prinsippet og prinsippet om økosystemforvaltning og samla belastning. Naturmangfaldlova legg føringar for omsyn som myndigheitene skal vektlegge der det blir gjeve løyve til anlegg som vil kunne få betydning for naturmangfald. Etter NVEs syn blir formålet i naturmangfaldlova i praksis ivarettatt gjennom dei grundige prosessane og vurderingane som ligg til grunn for eit konsesjonsvedtak.

I NVE si vurdering av søknaden om løyve til regulering og nytt anlegg for vassuttak frå Henangervatn legg vi til grunn reglane etter §§ 8-12. Eit positivt vedtak kan berre fattast der fordelar og nytte av å gjennomføre tiltaket blir vurdert til å være større enn skade og ulempe for allmenne og private interessar. Verknad som tiltaket vil ha for naturmangfaldet er eit sentralt tema i denne vurderinga.

Oppsummering

NVE legg i vurderinga vekt på at tiltaket vil betre grunnlaget for auka produksjon i settefiskanlegget og dermed sikre vidare drift og arbeidsplassar knytt til anlegget. Planlagt auke i vassuttaket er moderat og utvida produksjon av settefisk vil ikkje i vesentleg grad gje verknader for vassdraget som er annleis enn det som har vore situasjonen med drifta av dei eksisterande anlegga.

NVE si konklusjon

Etter ei samla vurdering av planane og dei fråsegner som ligg føre meiner NVE at fordelane ved tiltaket er større enn skader eller ulemper for ålmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. Sævareid Fiskeanlegg AS får på dette grunnlag løyve etter vassressurslova § 8 til å regulere Henangervatnet med inntil 1,5 m mellom LRV på kote 10,87 og HRV på kote 12,37. Vassuttaket skal, i samsvar med søknad, være avgrensa til maksimalt 300 m³/min. Det tekniske anlegget med ny inntaksleidning for vassuttak skal etablerast etter planlagt alternativ 2 i søknaden.

Løyvet blir gjeve på dei vilkåra som er lagt ved.

Kommentarar til vilkåra:

Post 1. Reguleringsgrenser og vassuttak

Henangervatnet kan regulerast med inntil 150 cm med HRV på kote 12,37 og LRV på kote 10,87.

Kotehøgder skal overførast til eit vasshøgdemål (skala i cm) som skal monterast godt synleg ved utløpet av Henangervatnet. Plassering og utforming skal godkjennast av NVE, jf post 4.

Vassuttak:

Vassuttaket skal avgrensast til maksimalt 300 m³/min og skal ikkje overstige 200 m³/min i gjennomsnittleg uttak over året. Vassmålar skal installerast og vassuttaket loggførast kontinuerleg. Det er konsesjonæren sitt ansvar å sjå til at biomassen av fisk i anlegget er i samsvar med det magasinivolum og uttaksnivå som er satt. Det kan ikkje påreknast at NVE vil gje løyve til ekstra vassuttak i knappe situasjonar utan at dette er godt grunngjeve.

Post 2. Byggjefristar osv.

Frista gjeld for etablering/ombygging av anlegget for vassuttak frå Hengervatnet. Plan for tiltaket må vere godkjent av NVE etter vilkåra i post 4, og arbeidet vere sett i gang innan tre år etter at dette løyvet er gjeve. Vidare må arbeidet fullførast i normalt tempo.

Post 3. Konsesjonæren sitt ansvar ved anlegg/drift osv.

Konsesjonæren pliktar å sjå til at han sjølv, hans kontraktørar og andre som har med anleggsarbeidet og drifta å gjere, unngår øydelegging av naturførekomstar, landskapsområde, fornminne osv. Om slike øydeleggingar ikkje er til å unngå, skal rette fagmynde underrettast i god tid.

Post 4. Godkjenning av detaljplanar, landskapsmessige tilhøve osv.

Detaljerte planar skal godkjennast av NVE og sendast til NVE sitt regionkontor i Førde i god tid før arbeidet vert sett i gong. Detaljar med prosjektet som ev vegar, landskapsmessige tilhøve, reguleringsanlegg, hydraulisk damluke, anordning for vassinntak og leidningar osv vil ligge under denne post. Godkjenning av detaljplanar vil også omfatte arrangement for samankopling med vassuttak til mikrokraftverket som er knytt til anlegget.

Eventuell nedlegging av anlegget eller delar av anlegget skal gjennomførast i samsvar med prosedyrar etter denne posten.

Post 5. Naturforvaltning

Standard vilkår for naturforvaltning vert teke med i konsesjonen. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skadar forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg tilhøve til tiltaket sin storleik og verknader.

Andre merknadar

Løyve etter vassressurslova gjeld regulering og vassuttak frå Henangervatnet for produksjon av settefisk.

Løyvet gjev ikkje grunnlag for ekspropriasjon. Konsesjonæren har sjølv ansvar for å avklare privatrettslege tilhøve som tiltaket kan få verknad for. Løyvet kan ikkje nyttast til andre vassdragstiltak eller andre former for utnytting.

Forholdet til EU sitt vassdirektiv i sektormyndigheitene si konsesjonshandsaming

NVE har ved vurderinga av om konsesjon skal gjevast etter vassressurslova § 8, gjort ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12 for det som gjeld ny aktivitet eller nye inngrep. I dette tilfellet har NVE vurdert vilkår i konsesjonen som gir betre grunnlag for senere oppfølging og dermed kunne betre forholda i vassdraget over tid.


Klage

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunkt vedtaket er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kap VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Ved eventuell klage ønskjer vi elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing



Rune Flatby
avdelingsdirektør



Øystein Grundt
seksjonssjef

Vedlegg: 1

Kopi: Fusa kommune, Eikelandsosen. 5640 Eikelandsosen
Hordaland Fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 Bergen
Fiskeridirektoratet Region Vest, Postboks 185, 5804 Bergen
Hålandsdal Grunneigarlag, 5640 Eikelandsosen